

Referat frå foreldremøte 05.09.2017

Felles start med 1. og 2. klasse. Bodil fortel om verkstad, uteskule og tema. Gjennomgang av planen for september; prosjekt i samarbeid med Hillesvåg ullvarefabrikk, Ullbyen som skal stillast ut i Knarvik senter og prosjektveka der tema er sykkel VM. 1. og 2. klasse tar med sparkesykkel/sykkel, meir info kjem når det nærmar seg.

Rektor Turid Grov presenterer seg sjølv og går gjennom revidert opplæringslov §9A om aktivitetsplikt. Kort oppsummert:

- | | | |
|------------------|---|---------------------------------|
| 1. Følgje med | } | Alle ansvarlig (inkl. foreldre) |
| 2. Gripe inn | | |
| 3. Varsle | | |
| 4. Undersøke | } | Skole/rektor ansvarlig |
| 5. Tiltak | | |
| 6. Fylkesmannen. | | |
- Varslast dersom skulen ikkje tar tak i situasjonen innan 1 veke.

Malene visar heimesida der ein kan finna ulike søknadsskjema, informasjon og liknande. På kommunen si heimeside kan ein også lesa meir om §9A. (<https://www.lindas.kommune.no/myking-skule.358296.nn.html>)

Me deler oss klassevis.

salaby.no


Brukarnamn: myk13

Passord: trikk

Her kan elevane jobba med dei ulike faga på skulen. La dei jobba når dei er motiverte! ☺

Me jobbar med språkleg medvit på skulen, målet er å gjere elevane leseklare.

Språkleg medvit kan visualiserast slik:



Når de les med borna – sei LYDEN og ikkje namnet på bokstaven! Me vil unngå at elevane blir forvirra av korleis me seier namnet til bokstaven kontra korleis me les den (bokstaven H heiter «hå», men me les ikkje «hei» som «håei»).

Gjennomgang av vekeplan.

Måndag og torsdag – gym. Elevane treng ikkje innesko, men gjerne gymsokkar/sklisokkar. Me vil følgje med om elevane vert kalde på føtene, informerer heimen i så tilfelle. Eventuell utegym kjem å planen – då må elevane ha gode joggesko til å springe ute med.

Pass på vekta på sekkane til elevane, sekken bør ikkje veie meir enn 15% av barnets kroppsvekt! Tøm sekken for unødvendige ting – multi oppgåvebok som elevane kan jobba fritt i kan ligge heime, Malene skriv på planen om den skal leverast på skulen. Tom drikkeflaske i sekken eller kopp med på skulen? Koppene kan stå i hylla i gangen mellom garderobe og klasserommet (husk å sette namn på).

Info om fotballskule frå Lindås IL kjem snart.

Takk for godt oppmøte! 😊